



Aurora og Margrethe gjer det koseleg for kundane.

Spar Uskedalen er vide kjende for at dei gjer handelen triveleg for kundane sine. Prisar og tilbakemeldingar gjennom åra fortel alt om det! Mange kundevennlege tiltak har med jamne mellomrom dukka opp. I dag var det ein ny generasjon Spar Uskedalen, Aurora Nilsen Mathisen og Margrethe Nilsen Hillestad, som tok mot kundane på ein særskilt koseleg måte.

Dei to blide jentene, Aurora(14) og Margrethe(13), hadde plassert seg i partytelt like til venstre for inngangspartiet. Med smil, gratis kaffi og saft og nesten gratis vafler tok dei mot kundane. Dette smakte godt, og kundane eg snakka med, sette stor pris på tiltaket. I tillegg var det tydeleg at den naturlege serviceinstillinga i Spar-familien også har fulgt med til neste generasjon. Svært kjekt var det å snakka med dei to ungdommane, og sjølv om dei naturleg nok kunne tenkt seg sol, la ikkje regnet nokon dempar på humøret.

Begge to kunne fortelja at dei hadde vore på kjekke ferieturar. Aurora hadde vore i Tyskland medan Margrethe hadde feriert i Alicante.

Dei to jentene vil nok verta å treffa i butikken seinare, og dei vil gli flott inn i den kjekke og serviceinnstilte betjeninga som vi møter på der.

Inne i butikken var det og eit kjekt tiltak. Viss ein kjøpte bestemte varer og leverte kvittering med telefonnummer i ein boks, kunne ein vinna ein solstol. Vi håpar vinnaren får brukt stolen mykje framover.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland